



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
I
ROGALAND
1976

Namnet på vatnet

Ressubnet

Kommune

Skred

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga, er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg etter retningsliner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

REVS VATNET

Fiskeanalysen vart foreteken den 31. aug. 1976.

Vatnet ligg i Strand kommune, vest for "Preikestolen" i Lysefjorden og med Stavanger Turistforening si hytte "Preikestolhytta" i nord.

Arealet er omlag 65 ha og h.o.h. 234 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men terrenget omkring skulle tilseie eit heller djupt vatn. Likevel vil ein finna einskilte grunnare partier på sine stader nær land.

Stranda består for det meste av stein der grunnfjellet fleire stader støyter like til vatnet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Vegetasjonen i vatnet er sparsam, men noko botngras, brasmegras og algevegetasjon vil ein finna frå stranda og ut mot djupet. Nedslagsfeltet femner for ein stor del om skogsmark der det veks blandingsskog av furu og bjerk. Vidare er det mykje snauffjell i nedslagsfeltet og endeleg også noko kulturbeiter.

Hovudtilsaget fell inn på austsida og kjem frå "Moslidalstjørna". Forutan dette fell det inn mindre bekketilsig ymse stader. Avlaupet renn ut i sør "Revsåna" og går til Lysefjorden.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 6.0 m og fargen på vatnet gullig-grøn.

Surheita pH er målt til 5.4 som er noko surt, men godt brukande for yngel og småfisk.

Innhaldet av kalk (CaO) er 1.0 mg/l og den totale hardheita 2.5 mg/l. Vatnet er såleis kalkfattig og pH utsett for store svingningar gjennom året.

Elektrisk leiingsemne 30.2.

Gjennomstrøyminga er normalt liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 5 fjærmygglarver, 5 dafnier, 3 vårflygelarver

2 fåbørstemark og 2 vannkalvlarver - tilsaman 170 individ pr. m².
5.0 meteren gav som resultat 3 vårflugelarver, 2 fjærmygglarver
og 1 fåbørstemark eller samla 60 individ pr. m².

Samla resultat syner at der er lite med botndyr i vatnet.

For å få greie på kva fisken egentleg ernærte seg av, på det
tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 6 fiskar.
Her vart det funne maur, vårflugelarver, myggpupper, vannkalv-
larver, linsekreps og plankton.


Planktonprøver.

Det vart teke eit horisontaltrekk på ca 50.0 m og eit vertikal-
trekk på 10.0 m med planktonhov. Begge prøvene må karakteriserast
som mykje fattige.


Fisk m.v.

Fiskeslaga utgjer ferskvassaure og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestørleik og resultatet etter
1 fangstnatt vart 43 aurar. Fordeler vi fangsten på omfara får
vi denne grafiske framsyninga.



Set vi opp ei grafisk framsyning av fangsten fordelt på cm-klassar vil denne sjå ut som synt nedanfor.



Det vart teke prøver av 28 aurar og av desse var 11 røde, 13 lysrøde og 4 kvite i fiskekjøttet.

Ingen av fiskane var angripne av parasittar.

Vidare var der 10 hanfiskar og 18 hofiskar.


18 fiskar (64 %) var gytefisk - resten gjellfisk.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter						
	1år	2år	3år	4år	5år	6år	7år
Medellengde i cm	4.6	9.4	15.0	19.9	23.6	25.8	27.6
Årleg lengdetilv. i cm	4.6	4.8	5.6	4.9	3.7	2.2	1.8
Antall fiskar	28	28	28	28	22	3	2

Medel kondisjonsfaktor = 1.08 tilseier fisk av god kvalitet.

Vi har nedanfor sett opp ein vekstkurve for auren i Revsvatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år).



Som vi her vil sjå, syner auren i Revsvatnet stort sett ein normal lengdetilvekst dei 4 fyrste leveår, men etter denne tid går det jamt nedover.

Auren går mot ei maksimallengd på snaut 30 cm, men det er berre få fiskar som når opp i denne storleiken. Nå vil der sjølvsagt finnast nokre aurar som er vesentleg større enn dette, såkalla "jagarar" men der er neppe mange av desse. Dette er då fisk som har fått ein god start her i livet og seinare har gått over til å ernære seg av yngel og småfisk.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som medels næringsrikt og med eit fiskebestand som ser ut til å vera litt i overkant av vatnet si bæreemne. Tilheva ligg elles vel tilrette for fiskeproduksjon.

Ser vi på dei kjemiske tilheva, så er desse godt brukande for aure, sjølv om vatnet er noko surt og "bufferemna" svak. Årsaka til surheita i vatnet er nedbøren vi i dag får. I sørlege og vestlege vindretningar kjem industriroyken frå kontinentet innover Sør-Vestlandet og fell her ned saman med nedbøren. Det er særleg svovelstoffa i nedbøren som er farlege, slik at om ikkje nedslagsfeltet er i stand til å nøytralisere desse stoffa, fører det til forsuring av vatn og vassdrag.

Botnprøvene og planktonprøvene var noko fattige, men omfarfordelinga saman med cm-klasseinndelinga, syner fisk av ymse årgangar og storleikar.

Vekstkurven er stort sett normal, men kunne nok ha vore noko betre. Som kjent spelar nedslagsfeltet ei vesentleg rolle når det gjeld næringsdyrproduksjonen, og fylgjeleg fiskeproduksjonen, i eit vatn. Består dette av kultivert mark, vil alltid tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg og som vil koma vatna til gode. Dette vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatna og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjølve næringsgrunnlaget i eit vatn.

Nedslagsfeltet for Revsvatnet er ikkje av det beste i så måte, men noko tilsig frå gjødsla mark dreg i positiv lei.

Ser vi på fisken vi fekk, så var denne av matnyttig storleik og god kvalitet.

Gytetilheva vart ikkje fullgodt granska, men alt talar for at desse er gode nok for å sikre ei tilfredstillande rekruttering.

Praktiske tiltak.

Det er ikkje så mange tiltak vi har å foreslå for dette vatnet. M.o.t. surheita er det lite ein kan gjera. Gjødsling og kalking av fiskevatn har vorte utført einskilte stader, men det heile fell ofte kostbart og er ikkje noko eingongsaffære då gjødselverknaden vil bli utvaska og ny gjødsel må tilferast. Førebels skulle det heller ikkje vera nokon fare for fisken i Refsvatnet i så måte.

Den fiskinga som har gått for seg i seinare år må halde fram omlag som før. På denne måten vil ein kunna halde fiskebestandet i sjakk og unngå overbefolkning.

Deler av vatnet høver godt for sportsfiske, og med Turistforeningen si hytta i nærleiken, skulle vi tru det var mange som ville prøve fiskelukka her.

Om 5-6 år bør det takast ein ny analyse for å sjå om tilheva har endra seg.

Stavanger den 16. mars 1977

Einar Berg